



Notat

Dato

LEIKANGER, 15.06.2016

Til: Fylkesutvalet, 22.juni 2016

Frå: Fylkesrådmannen

Utviklingsprosjekt og driftsmodellar innan IKT - Svar til Hilmar Høl

1) Innleiing

I møte i fylkesutvalet 13.juni d.å. stilte Hilmar Høl (Ap) spørsmål knytt til det som er lagt inn i utgreiing nr 53 om IKT-tenesta vedkommande driftsmodellar og utviklingsprosjekt. Fylkesrådmannen har fått følgjande bestilling til møte i fylkesutvalet 22.juni 2016:

FU ber om eit notat og ei orientering på neste møte om dei ulike pilotprosjekta med tilhøyrande driftsmodellar. Det er viktig at både tidsperspektiv og innsparingspotensiale kjem klårt fram.

2) Bakgrunn

IKT-teknologi og -kompetanse er eit sentralt verkemiddel som bør nyttast som drivar for utviklinga av fylkeskommunen som organisasjon. IKT tilfører organisasjonen ein betydeleg meirverdi innanfor m.a. undervisning og læring, og er ein nødvendig reiskap i all organisasjonsutvikling. Vi må leggje til grunn at brukarar av fylkeskommunale tenester (interne og eksterne) forventar at vi følgjer den generelle utviklinga og tilpassinga til ny teknologi som vi møter elles i samfunnet. Utvikling og trendar syner at det vert stilt stadig nye og større krav til systemtilgang døgnet rundt og til teknologiske løysingar.

Effektivisering og innsparing gir svært ofte auka behov for IKT-løysingar og IKT-driftsressursar. Delar av innsparingskrava i fylkeskommunen vil vi realisere gjennom digitalisering. Dette må vi gjere innanfor gjennomtenkte og realistiske rammer fordi digitalisering svært ofte får direkte konsekvensar for IKT-drifta. Nye og fleire IKT baserte løysingar kan gi auka behov for IKT-drift, men fører samla sett til kostnadsreduksjonar for fylkeskommunen.

I utgreiingsoppdrag nr. 3 og 53 vurderte fylkesrådmannen innsparingspotensiale for IKT-tenesta og IKT-ressurs ved dei vidaregåande skulane. Utgreiinga viste at det er vanskeleg å hente ut innsparingar innanfor dagens organisering. Samstundes understreka fylkesrådmannen at IKT er ein avgjerande viktig støttefunksjon. Fylkesrådmannen tilrår at IKT-drift blir vidareført som eit utviklingsprosjekt.

I utgreiingsoppdrag 58 *E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane* konkluderte fylkesrådmannen med at ressursen er på eit minimumsnivå. Ressursen er viktig for å kunne gje den opplæringa elevane har krav på knytt til digital kompetanse.

I framlegget til utviklingsprosjekt ser fylkesrådmannen utgreiingane under eitt.

3) Mål med prosjektet

Elevane har digital kompetanse og dømmekraft

I dag er det å vere digital ein av fire grunnleggande dugleikar som elevane skal få opplæring i. I stortingsmelding 28 (2015-2016) *Fag- Fordypning – Forståelse – en fornyelse av Kunnskapsløftet* står det at digitale ferdigheter skal integrerast i alle fag, og elevane skal utvikle kompetanse i å tilegne seg, handsame, produsere og foredle fagstoff digitalt.

Klar ansvars- og oppgåvefordeling

Utgreilingane har vist at det er noko uoversiktleg med omsyn til ansvar og oppgåvefordeling, særleg mot eksterne leverandørar. I prosjektet skal ein tydeleggjere ansvar- og oppgåvefordeling.

Kompetent IKT-teneste

Det er ei utfordring å stabilisere IKT-tilsette, samt å ha tilstrekkeleg kompetanse tilgjengeleg. Målet med prosjektet er å behalde og styrke lokal IKT-kompetanse ved å løse felles driftsoppgåver lokalt. Ein skal etablere sterkare fagmiljø og høve til fagleg utvikling gjennom å ha ei felles IKT-teneste. Dette kan gje betre utnytting av ressursar og kompetanse gjennom: standardisering av infrastruktur, god brukarhjelp og kostnadseffektive innkjøp.

Klargjere framtidig innsparingspotensiale

I prosjektperioden er det ikkje lagt opp til ei økonomisk innsparing. Tydeleg ansvars- og oppgåvefordeling, samt alternativ organisering, kan gje innsparingar på sikt. I prosjektperioden må ein kartlegge innsparingspotensialet.

4) Organisering av prosjektet

Utgreilingane peika på at dei IKT-tilsette ved dei vidaregåande skulane har fått særslig innhald i stillingane siste åra. Fylkesrådmannen ønskjer å rydde i ansvars- og oppgåvefordelinga. Som følgje av dette vil ein tildele skulane ressursar til e-pedagog i samsvar med det reelle behovet til å løse slike oppgåver. Dei oppgåvene som ikkje er knytt til pedagogikk skal løysast av ei felles IKT-teneste. Denne tenesta skal ikkje fysisk samlast, men ansvaret vert lagt under fylkesrådmannen v/ IKT-tenesta.

I modellen vil ein legge til grunn så stor oppmøtetid på skulane som mogleg. Dette for å sikre at elevane ikkje misser undervisning som følgje av tekniske vanskar. Dette utfordrar innsparingspotensialet i modellen. Å ha mange små skular aukar kostnadane til denne typen støttefunksjonar.

I prosjektet skal ein sikre tilgjengeleg brukarhjelp med høg kvalitet. Ved å fordele oppgåvene på tvers av organisasjonen vil ein kunne nyte kompetansen til den enkelte IKT-tilsett uavhengig av kvar den tilsette har kontor. Dette vil truleg bidra til å gje dei IKT-tilsette som er plassert på dei vidaregåande skulane meir relevante arbeidsoppgåver. I dag har mange av dei IKT-tilsette på skulane delstillingar og det er vanskeleg å rekruttere tilsette med tilstrekkeleg kompetanse.

I modellen vil ein budsjettere med lærlingar som skal ha opplæringa si på dei vidaregåande skulane. Dette vil vere viktig både med tanke på å ha tilgjengeleg personar lokalt, men også for å sikre nok læreplassar i IKT-faga. Det faglege ansvaret og oppfølginga av lærlingane vil skje frå IKT-tenesta.

5) Personalforvaltning

Dei tilsette i stillingane i dag har ulik kompetanse og bakgrunn. Gjennom å nytte omstillingssmidar vil ein bruke perioden saman med dei tilsette til å finne løysingar som er tilpassa deira kompetanse. Ingen tilsette vil i prosjektperioden bli overtalige.

6) Evaluering

Fylkesrådmannen ønskjer å gjennomføre prosjektet skuleåra 2016-2017 og 2017-2018. Prosjektet skal evaluerast våren 2018 som grunnlag for framtidig organisering av IKT-funksjonen i fylkeskommunen. I evalueringa skal ein særleg vurdere konsekvensar for kvaliteten på opplæringa, kvaliteten på IKT-tjenestene og moglegheiter for innsparing.